

## Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

**Møtestad:** Skype -

**Dato:** 18.05.2021

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:15

**Til stades:**

Namn

Varamedlem for

Paula Næss Skår

Ann Helene Skare

Atle Tangen

Janne Remøy Endresen

Daniel Ask

Anne Grete Mogstad

Asbjørn Ringdal Gausdal

Jakob Strand

Asle John Giske

**Ikkje møtt:**

Namn

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn

Stilling

Marianne Ensby Gravem

Utvalssekreter

**Merknad i møte:**

*Møteprotokollen er godkjend i møtet*

## SAKLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
34/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
35/21	Orientering frå administrerende direktør
36/21	Representasjon i råd og utval - utan saksframlegg
37/21	Oppnemning i råd og utval
38/21	Helseplattformen - involvering av brukarutval i pasienttilfredsheitsundersøking
39/21	Referatsaker - utan saksframlegg
40/21	Orientering frå fagdirektør
41/21	Orientering om det totale psykiatritilbodet i Helse Møre og Romsdal - del 2
42/21	Orientering om Pasient- og brukarombodet sin årsmelding 2020
43/21	Orientering om gjestepasientar i Møre og Romsdal
44/21	Drøfting i brukarutvalet av aktuelle styresaker

### **34/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 34/2021 i møte den 18.05.2021

#### **Behandling**

Sak 43/21 - Sakstittel skal vere Møre og Romsdal og ikkje Nordmøre og Romsdal.

#### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

### **35/21 Orientering frå administrerende direktør**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 35/2021 i møte den 18.05.2021

#### **Behandling**

Brukarutvalet fekk ei orientering frå administrerende direktør Øyvind Bakke om følgjande saker:

- Digitale konsultasjonar - status
- Ventetider - gode tal i mars, men stor økning i henvisningar gir auke i ventetid i april
- Gode resultat på aktivitet og økonomi
- SNR - Hjelset/Kristiansund - grunnstein skal etter planen legges ned på Hjelset før sommerferien
- Volda - bygge akuttmottak, kirurgi og polikliniske arealer - taper av anbud har klaget - svar på klagesaksbehandling i slutten av juni
- AIO-prosjektet i rute - god framdrift
- Forbettringshistorie på styremøtet 19. mai om erfaringar frå behandling av covid-19-pasientar.
- MR i Volda
- Lønnsoppgjeret
- Rekruttering av helsepersonell i et framtidsperspektiv
- Fødeavdelinga i Kristiansund fortsatt stengt, men rekruttering er godt i gang.
- Gjestepasientar - satsingsområde

#### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

### 36/21 Representasjon i råd og utval - utan saksframlegg

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 36/2021 i møte den 18.05.2021

Namn	Råd/utval - dato
Paula Næss Skår	23.03. Samtale med Berit Teige om Covid19-prosjektet
	25.03. Styremøte HMR
	12.04. Samarbeidsmøte Covid19 m/kommunene
	26.04. Samarbeidsmøte Covid19 m/kommunene
	04.05. AU til BU
	10.05. Samarbeidsmøte Covid19 m/kommunene
	12.05. Møte i Overordna samhandlingsutval
Ann Helene Skare	25. mars: styremøte
	15. april: Klinisk etikk-komite
	23. april: Kvalitetsråd kreft og rehabilitering
	28. april: Regional samhandlingskonferanse
4. mai: AU brukarutvalget	
Asbjørn R. Gausdal	23. april: Lokalt samhandlingsutval i Volda
Jakob Strand	Møter x flere: AIO-prosjektet Ålesund Sykehus (inkl. ankomst nord)
Atle Tangen	PCI- Arbeidsgruppe 14.04 og 05.05
Asle John Giske	mars/april (6 møter): Covid 19 forskningen: 26.3, 9.4, 21.4, 23.4, 27.4, 7.5,
	4.4 og 26.4: AIO prosjektet
	30.4: Lokalt samhandlingsutvalg
	10.5: Råbra prosjektet
	15.4: KEK
Janne Remøy Endresen	24.03.21 SKUP – Samhandling og kunnskapsutv. i praksis.
	16.04.21 HAVO/HABU Samarbeidsmøte.
	19.04.21 KDE.
	22.04.21 Klinikk Volda.
Anne Grete Mogstad	28.4: Regional samhandlingskonferanse
Daniel Ask	25.mars : Helseplattformen -- fagekspertgruppa.
	22.april : Helseplattformen -- fagekspertgruppa.
Ev. varamedlem	

### 37/21 Oppnemning i råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 37/2021 i møte den 18.05.2021

#### Behandling

Oppnemning av brukarrepresentantar til AIO-prosjektet formaliserast i dette møtet.

ROS-analyse av samling av einingar av nukleærmedisin i helseføretaket. Ønske om val av brukarrepresentant til dette arbeidet.

### **Vedtak**

Brukarrepresentantar til Akutt Intensiv Operasjon-prosjektet er Jakob Strand i arbeidsgruppa og Asle John Giske i styringsgruppa.

Brukarutvalet veljer Paula Næss Skår som brukarrepresentant i ROS-analyse om samling av nukleærmedisin i Helse Møre og Romsdal, ved klinikk for diagnostikk.

Endring i representasjon i lokalt samhandlingsutval Molde. Ann Helene Skare er fast brukarrepresentant og Atle Tangen er vara.

### **38/21 Helseplattformen - involvering av brukarutval i pasienttilfredsheitsundersøking**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 38/2021 i møte den 18.05.2021

### **Behandling**

Brukarutvalet fekk ei orientering frå prosjektleiar i Helseplattformen, Jørn Heggelund, om gevinstmål i Helseplattformen knyttet til pasientmedvirkning. Her skal man gjøre ei nullpunktundersøking slik at ein kan måle pasienttilfredsheit før og etter oppstart av Helseplattformen og HelsaMi. Når utkast til spørreskjema er utforma, ønskjer Helseplattformen seg to personar frå kvart brukarutval i HMN til å teste ut spørsmåla mot brukargruppa, ei pilotundersøking.

### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Brukarutvalet veljer Daniel Ask og Asle John Giske som personar som stiller til intervju for Helseplattformen i utforming av spørreskjema til brukarar.

### **39/21 Referatsaker - utan saksframlegg**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 39/2021 i møte den 18.05.2021

### **Behandling**

Brukarutvalet har følgjande referatsaker:

- Protokoll RBU HMN
- Protokoll styremøte
- E-post om Kva er viktig for deg-dagen
- Referat ungdomsrådet
- Referat regional samhandlingskonferanse

Kommentarar til referatsaker vert handtert i administrasjonen.

Ingen vedtak

#### **40/21 Orientering frå fagdirektør**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 40/2021 i møte den 18.05.2021

##### **Behandling**

Brukarutvalet fekk ei orientering frå fagdirektør Torstein Hole om aktuelle tema frå forbetningsprogrammet og årsrapport pasientskadar. Herunder status for videokonsultasjonar som har vore ein del av forbetningsprogrammet og tal rundt helseassosierte infeksjonar (HAI) med Global Trigger Tool (GTT) frå årsrapport pasientskadar.

Utdannings- og kompetansemeldinga blei ikkje presentert i dette møtet.

##### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

#### **41/21 Orientering om det totale psykiatritilbodet i Helse Møre og Romsdal - del 2**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 41/2021 i møte den 18.05.2021

##### **Behandling**

Brukarutvalet fekk ei orientering av kliniksjeff i Klinikk psykisk helse og rus, Ståle Hoff om:

- Status drift i psykiatri og rus - ventetider og aktivitet
- Reduksjon av senger i DMS Kr.sund/oppbygging av annet tilbud - prosjektet ikkje vidareført
- OU-prosjektet på Hjelset knyttet til psykiatrien og i heile fylket
- Akutteam i Molde – kveldspoliklinikk
- "Lukka plasser" i Ålesund på vei til å bygges opp
- Digitale konsultasjonar i psykiatrien på eit akseptabelt nivå

##### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

## **42/21 Orientering om Pasient- og brukarombodet sin årsmelding 2020**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 42/2021 i møte den 18.05.2021

### **Behandling**

Brukarutvalet fekk ei orientering frå pasient- og brukarombod (POBO) i Møre og Romsdal, Hanne Haavde Stenseth. POBO lagar årleg ein årsrapport og følgjande punkt frå denne vart trekt fram til brukarutvalsmøtet:

- Pasient- og brukarombodet (POBO) si rolle
- Ny nasjonal koordinator av dei 15 POBO-ane i landet
- Utadretta aktivitet
- Statistikk og årsak til kontakt frå pasientar og pårørande til POBO i 2020

### **Vedtak**

Brukarutvalet tek orienteringa frå pasient- og brukarombodet til vitende.

Brukarutvalet vil jobbe vidare med nokre problemstillingar som blei skissert under møtet.

## **43/21 Orientering om gjestepasientar i Møre og Romsdal**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 43/2021 i møte den 18.05.2021

### **Behandling**

Brukarutvalet fekk ei kort orientering frå klinikkssjef ved klinikk SNR, Georg Johnsen om gjestepasientar i Møre og Romsdal.

### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Arbeidsutvalet til brukarutvalet skal jobbe vidare med problemstillingar knytt til gjestepasientar som blei vist til i presentasjonen.

## **44/21 Drøfting i brukarutvalet av aktuelle styresaker**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 44/2021 i møte den 18.05.2021

### **Vedtak**

Brukarutvalet har kommentar til følgjande styresaker:

Styresak 53/21 - For brukarutvalet er arbeidet med pasientskadar særst viktig. Brukarutvalet støttar det administrerande direktør omtaler i styresaken om at det er behov for å styrke systematikken i arbeidet med pasientskadar og pasientsikkerheit.